

Utgreiing om Fylkesbiblioteket si rolle framover

Bakgrunn:

Strategisk plan for bibliotekutvikling i Sogn og Fjordane 2011-2014 vart vedteken i Fylkestinget 14. desember 2010. Planen fungerer som fylkesbiblioteket sitt måldokument. Plandokumentet slår m.a. fast:

Strategi 1.4 Styrkje fylkesbiblioteket si rolle som kompetansesenter og regional utviklingsaktør

Handlingsprogrammet for fylkesbiblioteket vart vedteke i Hovudutval for kultur 2. februar i år. Her er denne strategien konkretisert med tre tiltak.

1. Styrkje fylkesbiblioteket si rolle som strategisk planleggjar i samspel med staten og kommunane.
2. Setje i gang organisasjonsutvikling ved fylkesbiblioteket
3. Samarbeidsavtalar med Førde kommune/bibliotek skal reforhandlast

Fylkesdirektøren for kultur sette ned ei arbeidsgruppe som fekk følgjande mandat:

- Korleis fylkesbiblioteket kan reindyrke si rolle som kompetansesenter og regional utviklingsaktør
- Modellar for korleis løyse prioriterte driftsoppgåver framover

Arbeidsgruppa:

Følgjande vart oppnemnde til arbeidsgruppa av fylkesdirektøren:

- Ágúst Magnússon, skrifvar, FBIB
- Anja Angelskår Mjelde, FBIB
- Bjarte Solaas, leiar, KA
- Bjarnhild Samland, KA
- Ingrid Dræge, FBIB (plasstillsvald)

Arbeidsgruppa har hatt 5 møter.

Fylkesbiblioteket si rolle

For å følgje opp Bibliotekmeldinga og "Strategisk plan for bibliotekutvikling" må fylkesbiblioteket sitt fokus endrast meir mot å bli regional utviklingsaktør og kompetansesenter.

Dette for at fylkesbiblioteket i framtida skal kunne

- vere ein sentral medspelar for statlege initiativ og eit instrument for å nå nasjonale og regionale mål
- koordinere samarbeid mellom biblioteka i fylket
- planleggje, koordinere og gjennomføre kompetanseutvikling i samarbeid med Nasjonalbiblioteket og relevante utdanningsinstitusjonar

- initiere til bibliotekutvikling og utarbeiding av lokale/regionale bibliotekplanar og støtte forpliktande samarbeid mellom bibliotek etter ulike modellar
- bidra til kvalitetsheving av bibliotektilbod til barn og unge
- utvikle fjernlånssamarbeidet
- drive/utvikle nettbasert kulturformidling
- gi bibliotekråd og rettleiing til kommunane og de vidaregåande skulane

Eit endå større fokus på utviklingsarbeid krev at ein frigjer ressursar til dette arbeidet. Ein må sjå på om ein kan gjere endringar i dei arbeidsoppgåvene fylkesbiblioteket har no. Er det driftsoppgåver som kan kuttast ut, endrast eller reduserast omfanget av, eller er det nokre tenester fylkeskommunen kan kjøpe hos andre?

Utsetjing av arbeidsoppgåver

Nokre driftsoppgåver eller delar av driftsoppgåver vil ein kunne setje ut til eit eller fleire folkebibliotek, ved å inngå partnerskapsavtalar for å frigjere ressursar. Førde bibliotek peikar seg ut som ein naturleg samarbeidspart.

Vidare har nedlegging av bokbussen og oppseiing av nokre kulturfondsett frigjort ein del arbeidstid.

Bibliotekreform 2014 er ei utgreiing utført i 2006 av ABM-utvikling på vegner av Kunnskapsdepartementet og Kultur- og kyrkjedepartementet. Utgreiinga skisserer ein ønska utvikling av biblioteksektoren der fylkesbiblioteka ikkje nødvendigvis har eigne samlingar lenger.

Retningslinjene for fylkesbiblioteka vart godkjende i 2007 av dåverande KKD. Følgjande to punkt vart fjerna:

3.2.1.4 Fylkesbiblioteket skal for fjernlånformål bygge opp og holde ved like samlingar av både eldre og dagsaktuelt materiale i samsvar med biblioteklovens målsetting og behovet i folkebibliotekene.

3.2.1.5 Fylkesbiblioteket har et særleg ansvar for å skaffe og oppevare meir spesielt materiale på de fagområder det skal dekke etter Emnefordelingsplanen.

Konsekvensen av endringane i retningslinjene er at fylkesbiblioteka ikkje lenger treng å byggje opp og vedlikehalde ei eiga mediesamling. I tillegg står fylkeskommunen no fritt i korleis den løyser oppgåva med å sikre medieforsyninga til biblioteka i fylket. Endringane skal likevel ikkje kome i konflikt med folkebiblioteklova sin § 9 om fjernlån:

Fylkesbiblioteket skal ivareta fjernlåsvirksomheten i fylket, organisere bibliotekenes lånesamarbeid og stå ansvarlig for sin del av den felles plan for anskaffelser og oppevaring av litteratur.

Partnerskapsavtalar fylkesbiblioteket inngår med eitt eller fleire av folkebiblioteka i Sogn og Fjordane må ivareta dette punktet.

I tillegg kom det i 2009 nye reviderte retningslinjene for fjernlån frå Nasjonalbiblioteket, der det vert slått fast at kvart bibliotek har ansvar for eige fjernlån. Fylkesbiblioteket skal framleis ha ansvaret for å organisere fjernlånet i fylket, noko som inkluderer transportordninga og samsøk, og for ev. å låne ut media frå eiga samling.

Oversikt over tenester som kan løysast på alternative måtar

-fordeling av oppgåver mellom fylkesbiblioteket og folkebibliotek ein inngår partnerskapsavtale med

Teneste	Fylkesbiblioteket	Folkebibliotek	Kostnad ved å setja ut oppgåver
Fjernlån Etter nye retningslinjer skal alle folkebibliotek handtere eige fjernlån. Om fylkesbiblioteket sluttar å ekspedere fjernlån, vil Førde bibliotek få ei auka belastning; dei vil måtte handtere utlån frå fylkesbibliotek si (store) samling, og det vil også ta tid å endre bestillingsrutinar/vanar hos biblioteka	Organisering av lånesamarbeidet Administrering av transportordning Opplæring, rettleiing Ansvar for drift av Samsøk.	Mottak og effektivering av tingingane Hente og sende materiale Setje på plass ved retur Referansespørsmål	Fylkesbiblioteket bidreg med kompensasjon til Førde bibliotek, som vert fastlagd ved forhandlingar. Det må ytast midlar til arbeid og innkjøp av bøker slik at \$9 vert ivareteken
Bokbåt	Det er mest hensiktsmessig at fylkesbibliotek tek seg av bokbåtdrifta inntil framtida til den er avklart.		Merknad: Dersom Fylkestinget vedtek å satse på bokbåtdrift etter 2013, bør ein vurdere å inngå avtale med ein av brukarkommunane om utføring av bibliotekteknisk arbeid i samband med drift av bokbåten og innkjøp til/oppevaring av mobilsamlinga
Lokalsamling	Registrerer frå lokale tidskrift i Fjognedok Digitalisering i samarbeid med ABM Sogn og Fjordane Kontrakt med rettighetshavare i samarbeid med ABM Sogn og Fjordane Kompetanseheving (kurs/møter/seminar) i samarbeid med ABM Sogn og Fjordane, Fylkesarkivet, Musea og lag/organisasjonar Felles nettstad om lokalhistorie i samarbeid med ABM Sogn og Fjordane, Fylkesarkivet og lag/organisasjonar.	Innkjøp av bøker og anna materiale Katalogisering og klargjering Oppsetting og hyllerydding Formidling av samlinga til brukarane Registrering i Fjognedok artiklar frå bøker som vert kjøpt inn Alternativ: Fylkesbiblioteket kjøper inn bøker og anna materiale.	Kompensasjon vil ein kome fram ved inngåing av partnerskapsavtalar Merknad: Samlinga er no plassert i Førde bibliotek

Klassesett	Utval og innkjøp av bøker Omtale og opplegg på vevsida Rettleiing og formidling	Ved flytting: Katalogisering og klargjering Mottak og effektivering av tingingar Setje på plass utlånt materiale ved retur	Kompensasjon vil ein kome fram ved inngåing av partnerskapsavtalar
-------------------	--	---	--

Mediesamlinga

Sogn og Fjordane fylkesbibliotek kjøper inn og klargjer eigne media. Totalt har fylkesbiblioteket ei samling på ca. 110.000 media, som står integrert med Førde bibliotek si samling, eller er plassert i magasin, på lokalsamlinga og i mobilsamlinga. Fylkesbiblioteket er i dialog med Førde bibliotek i forhold til å overta deler av fylkesbibliotek si mediesamling vederlagsfritt. Det kan og vere aktuelt å tilby dei andre kommunane i fylket å overta delar av mobilsamlinga, dvs. bøkene som ein ikkje treng til vidare drift av bokbåten etter at bokbussen vart innstilt.

Oversikt over mediesamlinga (tal frå 24. august 2011)

Samling	Tal på media	Overførast til	Merknad
Fellessamling Mykje gammalt og uaktuelt, det vert ikkje lenger kjøpt inn til denne samlinga. Eldre del av lokalsamlinga er registrert her	8453	Førde	
Klassesett Bøker blir kjøpt inn i sett á 30 eksemplar, og skulane kan låne sett til bruk i undervisninga. Nynorske bøker er prioritert.	4597		Samlinga vert framleis fysisk plassert i Førdehuset
Fylkesbiblioteket Samling brukt i fjernlånet, bøker ikkje alle andre har og ekstra eksemplar av bøker slik at Førde ikkje vert for mykje belasta. I tillegg er det utlånseksemplar av lokalhistorie	24342	Førde, unntatt faglitteraturen for dei tilsette ved fylkesbiblioteket	
Lokalsamling Det er viktig å samla inn lokalhistorisk materiale og ta vare på det. Gjeld bøker, tidsskrift, blad og mikrofilm. Av bøker kjøper ein 2 eksemplar, eitt til oppevaring og eitt til utlån	9186	Førde	Det kunne vore aktuelt å flytta samlinga til Sogndal bibliotek, men i dag har dei ikkje nok plass. Det er også ein fordel å ikkje splitte samlinga til Førde og Fylkesbiblioteket.
Mobilsamling Bokbåten sin samling, men også mykje brukt til fjernlån	72304	Ein vil framleis ha ei mobilsamling, men ein treng ikkje så mange eksemplar no når bokbussen er nedlagt. Ein	Ein må rekne god tid på dette arbeidet.

må sjå kor mange bind ein
må ha til bokbåten, og i
tillegg må ein kassere gamal
og uaktuell litteratur. Ein
må sjå om det er mogleg å
få til ein ordning der ein
lagar god samling for
bokbåten og tilbyr
overskytande brukbare
bøker til folkebiblioteka.

Medieinnkjøp

Ved å inngå partnerskapsavtalar om delar av samlingane vil fylkesbiblioteket kunne spare tid, plass og arbeid på innkjøp, klargjering og oppstilling, men samstundes bidra til å styrkje folkebiblioteka sine totale mengde media til felles beste for alle bibliotek i fylket.

I dag har fylkesbiblioteket 300 000 til medieinnkjøp. Kor mykje som vil kunne brukast til innkjøp gjennom partnerskapsavtalar vil ein ikkje vite før avtalane er inngått og ein har avsett midlar til innkjøp av media til bokbåten og klassesettsamlinga.

Oppgåver for Fylkesbiblioteket

Dersom ein får frigjort seg frå nokre av driftsoppgåvene og overført delar av mediasamlingane til andre folkebibliotek, ville det vere lettare å ha større fokus på utvikling og gjennomføring av tiltak i handlingsprogrammet vedteke i Hovudutval for kultur i februar 2011.

Det er ei vakant stilling ved fylkesbiblioteket, og denne bør lysast ut med hovudvekt på utviklingsoppgåver, som initiering og koordinering av utviklings- og prosjektoppgåver, aktivt deltaking i utvikling av nettbasert litteratur- og kulturformidling

Viktige oppgåvene frå handlingsprogrammet er:

- Etablere transportordning
- Vidareutvikle samsøket (fellessøk i alle bibliotekdatabasane i fylket)
- Etablere ordning med distribuert innkjøp
- Stimulere og ta initiativ til samarbeid mellom kommunane
- Kompetansekartlegging og utarbeiding av kompetanseutviklingsprogram
- Utvikle nye tenester basert på sosial teknologi
- Opprette database med forfattarar frå Sogn og Fjordane
- Starta digitalisering av lokallitteratur og lokalhistorie (utvikling av Fjognedok)
- Stimulere til utprøving av nye former for kulturformidling i samarbeid med DKS og andre formidlingsaktørar
- Initiere og støtte opp om tiltak som fremjar nynorsk språk og litteratur
- Marknadsføringstiltak – utvikle profileringsmateriale for biblioteka
- Etablere ordning med utviklingsmidlar til regionale samarbeidsprosjekt
- Auke tilbodet av litteraturprogram særleg for barn og unge
- Utvikle gode skulebibliotek

I tillegg kjem fleire faste årlege oppgåver som m.a. ansvar for bokbåtdrift, fjernlån, bibliotekfaglege møter, artikkelregistrering i Fjognedokbasen, kurs og konferansar og utarbeiding av statistikk og rapporter for den samla bibliotekverksemda i fylket til staten.

Organisering – Lokalisering

Det er to alternativ for lokalisering av fylkesbiblioteket; framleis leige lokale i Førdehuset, eller samlokalisering med kulturavdelinga i Storehagen Atrium.

Biblioteklova stiller i dag ikkje lenger krav om at fylkesbiblioteket skal vere knytt til eit folkebibliotek, men alle fylker skal ha eit fylkesbibliotek, leia av fagutdanna fylkesbiblioteksjef.

Samarbeidsavtalen mellom Fylkeskommunen og Førde kommune frå 1.1. 1982, som gjeld tilhøve mellom Førde bibliotek og Sogn og Fjordane fylkesbibliotek, er sagt opp med verknad frå 01.01.2012 og også leigeavtalen om lokale i Førdehuset med verknad frå same dato.

Modell 1: Fylkesbiblioteket flyttar mesteparten av verksemda til Storehagen Atrium

I denne modellen vil alle tilsette flytte over til Storehagen Atrium i lag med kulturavdelinga, men ein vil framleis ha behov for å leige magasinplass og minst eit kontor i Førdehuset, då det ikkje er plass for mobilsamlinga og klassesettsamlinga i Storehagen Atrium

Fylkesbiblioteket vil ha trong for 8 kontorplassar og tilgang til møterom.

Fordelar:

- Synleg i kulturavdelinga, tettare integrering mot resten av fylkeskommunen/synergieffekt.
- Lettare å samarbeide med andre i kulturavdelinga om felles formidlings- og utviklingsoppgåver.
- Lettare å få med seg kurs/informasjonsmøter og liknande som blir halde i Storehagen Atrium.
- Lettare å fokusere på utvikling når ein fysisk er fjerna frå drift.
- Ulik kompetanse kan gje nye ressursar.
- Ikkje bunden til eit bestemt bibliotek.
- Kontortenesta kan verta rasjonalisert ved t.d. felles kopimaskin, skrivarar, rekvisitalager etc.

Ulemper:

- Lang avstand til samlingar ein framleis må ha.
- Oppsplitting av kollegiet, då ein framleis må ha kontorplass i Førdehuset.
- Mindre bibliotekfagleg miljø.
- Leiinga vert ikkje i dagleg kontakt med alle medarbeidarane.
- Mindre kontakt med basale bibliotekfunksjoner.

Modell 2: Fylkesbiblioteket vert verande i Førdehuset

I denne modellen inngår ein ny leigekontrakt med Førdehuset. Noverande kontrakt går ut 31.12.2011.

Fordelar:

- Nær kontakt med biblioteket, kort vei til mobilsamling,(lokalsamling) og klassesett.
- Større bibliotekfagleg miljø, lettare å halde seg oppdatert på dagleg drift av eit folkebibliotek, noko som kan vere nyttig når ein skal gi råd til biblioteka.
- Slepp flytting

Ulemper:

- Avstand til kulturavdelinga/resten av fylkeskommunen/ingen synergieffekt.
- Ikkje så synlege i organisasjonen.
- Ikkje så lett å samarbeid med andre i kulturavdelinga .
- Lokala er teknisk dårlege og treng oppgradering.

Organisering

Uansett plassering vil fylkesbiblioteket halda fram som eigen institusjon. Bibliotekområdet må ikkje verte svekka (jf. Strategisk plan for bibliotekutvikling i Sogn og Fjordane 2011-2014), men eit godt samarbeid med andre delar av kulturområdet er ein føresetnad for god utvikling.

Arbeidsfordeling og ansvarsområde for tilsette ved fylkesbiblioteket er ikkje med i denne utgreiinga. Det må ein kome tilbake til når ein veit kva oppgåver som framleis skal utførast av fylkesbiblioteket, kva partnerskapsavtalar ein får til med folkebiblioteka og kor ein vert lokalisert.

Tilråding/Konklusjon

Framlegg til tilråding:

Fylkesbiblioteket flyttar mesteparten av verksemda til Storhagen Atrium og vert samlokalisert med kulturavdelinga (Modell 1)

Vidare at:

- *Førde bibliotek overtek delar av fylkesbiblioteket si mediesamling*
- *Sogn og Fjordane fylkeskommune går i dialog med Førde kommune om å lage partnerskapsavtale om
 - *Fjernlånstenesta*
 - *Lokalhistorisk samling*
 - *Klassesettsamlinga**
- *Fylkesbiblioteket driftar inntil vidare bokbåten som før*
- *Sogn og Fjordane fylkeskommune reforhandlar leigeavtala med Førde kommune om lokale i Førdehuset. (Magasin og eit kontor)*

Arbeidsgruppa meiner at dei føreslegne endringane, i tillegg til endringar som alt er gjennomførde, opnar for at fylkesbiblioteket kan auka sitt fokus på utviklingsrolla og verte eit ressurs- og kompetansesenter for folke- og skulebibliotek i heile fylket og med det bidra til lokal samfunnsutvikling.

Dette samsvarar med krav til omstilling i *Bibliotekmeldinga* (St.meld.nr. 23 2008-09) og til *Strategisk plan for bibliotekutvikling i Sogn og Fjordane 2011-2014*.

4 røysta for denne tilrådinga og 1 røysta mot. Bjarthe Solaas, Bjarnhild Samland, Anja Angelskår Mjelde og Ágúst Magnússon røysta for og Ingrid Dræge i mot

Alternativt framlegg til tilråding:

I møte 26. august la Ingrid Dræge fram følgjande framlegg til tilråding:

Arbeidsgruppas mindretal vurderer dei bibliotekfagleg ulempene ved Modell 1 som tungtvegande nok til å gå inn for Modell 2:

- Sogn og Fjordane fylkeskommune inngår ny leigekontrakt med Førde kommune om lokale i Førdehuset
- Fylkesbiblioteket er avhengig av å styrka sin bibliotekfaglege kompetanse, og bør gjera dette i eit aktivt bibliotekmiljø, for å auka sitt fokus på utviklingsrolla og vera eit ressurs- og kompetansesenter for folke- og skulebibliotek i heile fylket og med det bidra til lokal samfunnsutvikling
- Samarbeidsrelasjonane med andre i kulturavdelinga og fylkeskommunen, i Førde og på Hermansverk, bør styrkast, uavhengig av fysisk lokalisering
- Sogn og Fjordane er eit fylke utan eit stort bybibliotek og store boksamlingar. Det er difor naturleg at fylkesbiblioteket tek eit større ansvar for å sikra medieforsyninga innan fylket
- Fylkesbiblioteket går i dialog med Førde bibliotek om å overdra delar av fylkesbiblioteket si mediesamling, inkludert fellessamlinga
- Fylkesbiblioteket driftar bokbåten vidare som før

1 røysta for denne tilrådinga og 4 røysta mot. Ingrid Dræge røysta for og Bjarthe Solaas, Bjarnhild Samland, Anja Angelskår Mjelde og Ágúst Magnússon i mot.

